



# Etnedal kommune

## Saksframlegg

**Mappe:** 18/298  
**ArkivID:** K2 - M30  
**Saksbehandler:** Kari-Elin Solberg  
Saglien

Saksnr.	Utvalg	Møtedato
54/18	Kommunestyret	21.06.2018
60/18	Kommunestyret	23.08.2018

### Forslag til vann- og avløpsplan for Solhaugatn hytteområde

**Vedlegg:**

29.05.2018      Revidert VA-plan Solhaugatn

**Bakgrunn for saken:**

Søknad om utsleppsløyve for Solhaugatn er ein ny vatn- og avløpsplan for eit planområde tilrettelagt for 71 hyttetomter for fritidbustadar med høgstandard.

**Forslag til vedtak:**

*Kommunestyret i Etnedal vedtek å legge forlag til avløpsplan for Solhaugatn hytteområde ut til offentleg ettersyn jf. Plan og bygningslova kapittel 12. Frist for innspel blir sett til 4 veker etter vedtaket er fatta.*

**Kommunestyret 21.06.2018:**

**Behandling:**

Det ble i møtet framsatt forslag om å utsette saken.  
Saken ble ENSTEMMIG vedtatt utsatt.

**KS- 54/18 Vedtak:**

Saken utsettes.

**Kommunestyret 23.08.2018:**

**Behandling:**

ENSTEMMIG

**KS- 60/18 Vedtak:**

*Kommunestyret i Etnedal vedtek å legge forlag til avløpsplan for Solhaugatn hytteområde ut til offentleg ettersyn jf. Plan og bygningslova kapittel 12. Frist for innspel blir sett til 4 veker etter vedtaket er fatta.*

## **Saksopplysninger:**

Søknaden er utarbeidd av VA Prosjektering AS på vegne av tiltakshavarane Odd og Ola Solbrekken og Fred Olav Ødegård.

Området ligg nord-, nordvestvendt ved Bjødnastølen 880-925 moh. Vegetasjonen i området består av spreitt gran- og bjørkeskog med skogbotn av mose, gras og lyng. Dei stadlege massane i planområdet består av sandig/siltig morene, sand og grus. Dei tørre partia er brote opp av store og mindre myrområde. NGU sine berggrunnskart viser at området generelt dominerast av tjukk morene i vestre del og torv/myr i austre del. Berggrunnen består av sandstein og leirskifer.

Avløpsanlegga skal etablerast i nedbørsfeltet til Åfeta og Rotvella. Dette er kjenslesame område og utslepp skal minst etterkomme 90% reduksjon av forsfor og 90% reduksjon av BOF<sub>5</sub> jf. Forureiningsforskriften §11. Konsekvensen for vassdrag nedstraums skal vere minimale, då alt avløpsvatnet skal rensast lokalt innanfor planområdet.

Det er utarbeidd ein plan basert på separate avløpsanlegg for kvar enkelt av hyttene. For vatn er det foryning av eksisterande og nye felles brønner.

Det er eitt kjent godkjent etablert avløpsanlegg i området, på gbnr. 34/78.

Alle anlegg som er i planen er dimensjonert til 1000l/døgn for totalavløp og 700l/døgn for gråvatn, og 5pe med BOF5 på 60 gram oksygen/døgn/pe. Årleg bruk er sett til 60 døgn i gjennomsnitt.

## **Vurdering:**

### **1.0 Ramme og omfang for løyva**

Løyva omfattar handtering av avløpsvatn frå 71 hytter/tomter. Anlegga dimensjonerast for eit utslepp av 1000 l totalavløp/døgn eller 700 l gråvatn/døgn. Der totalavløp ikkje er mogleg skal toalettavløp førast til tett tank eller det kan etablerast forbrennings-/biologiske toalett. Søknaden har lokalisert kvar det bør borast etter vatn på den enkelte tomt/fellesområde. Det er viktig å at det bores på desse stadene for å unngå at drikkevasskjelder ikkje blir forureina av avløpsvann i området.

### **2.0 Skildring av de ulike reinseløysingane**

Løysingane som er skildra i planen er vurdert ut frå nærleiken til brønner og lausmassane på kvar enkelt tomt.

#### **2.1 Tett tank for toalettavløp**

For dei hyttene/tomtene som ønsker tett tank for toalettavløp i tillegg til gråvatnreinseanlegg, skal den tette tanken vere på minimum 3m<sup>3</sup>. Der det etablerast vakuum-toalett kan det godkjennast tett tank ned til 1m<sup>3</sup>, under føresetnad at det er vinterbrøytta veg.

#### **2.2 Gråvatnreinseanlegg og infiltrasjonsfilter**

Gråvatnreinseanlegget skal vere dimensjonert i samsvar med det som er skildra i rapporten. Infiltrasjonsfilteret skal byggjast i samsvar med det som er skildra i vedlegga som følgjer tomta og plasserast i samsvar med kartet i planen. Viss det er ønske om å flytte filterflata, må det til ei ny vurdering av dette. Det bør etablerast lågtspylande toalett eller vakuumtoalett for å unngå unødig transport av svartvann. Eventuell overskotsvæske frå biologiske klosett skal ikkje tømast i gråvatnreinseanlegget. Alle tette tankar skal ha alarm som varslar høgt vassnivå i tanken.

### **3. Tømming av slam og oppsamlingstank**

Slamavskiljarar og tette tankar skal tømast i samsvar med renovasjonsforskrifta for kommunane i Valdres, eller hyppigare viss det er behov.

Krav til utforming, adkomst og vegstandard for septikbilen skal vere i samsvar med renovasjonsforskrifta for kommunane i Valdres.

### **4. Drift og vedlikehald**

Søkjjar er ansvarleg for å sjå til at det etablerast tilfredsstillande system for å sikre drifta av avløpsanlegga slik at ein unngår forureinande utslepp. Anleggseigar har ansvar for den

daglege drifta av avløpsanlegget og skal sørge for naudsynt tilsyn og vedlikehald. Prefabrikkerte gråvatnreinseanlegg treng jamleg tilsyn og det er eit krav om serviceavtale med leverandør eller firma med naudsynt kompetanse.

#### **5. Krav om søknad om utsleppsløyve**

Før avløpsanlegg byggjast skal det søkast om løyve om innlegging av vatn og etablering av avløpsanlegg i samsvar med forureiningsforskrifta §12.

VA-planen vil leggjast til grunn for søknaden som prosjekterande dokument, og godkjent plan vil seie at VA-prosjektering AS som har utarbeida planen har godkjent ansvarsrett for prosjektering av avløpsanlegga i planen. Søknad om utsleppsløyve skal vere komplett med utfylt søknadsskjema, nabovarsling og kvittering for nabovarsel, situasjonsplan og søknad om ansvarsrett for utføring og gjennomføringsplan. Der det er gråvatnreinseanlegg må det leverast signert serviceavtale på biofilteret, seinast ved ferdigmelding av anlegget. Etablering av avløpsanlegg og innlegging av vann skal ikkje skje før utsleppsløyve er gitt.

#### **6. Endringar og omgjeriing av utsleppsløyva**

I medhald av §18 i forureiningsloven kan kommunen oppheve eller endre pålegga som er gitt i samband med løyva, eller gje nytt pålegg. Kommunen kan dersom det er hensiktsmessig trekke tilbake løyva om vilkåra som er gitt i §18 er tilstade.